

Vedlegg 1 til søknad til Sogn og Fjordane fylkeskommune  
8. mars 2018

## Søknad om støtte til FoU-fasilitering, havbruk mm.

### Bakgrunn

Aksello AS er eit lokalt forankra næringsutviklingselskap med hovudmerksemd på verdiskaping i Sogn og Fjordane. Selskapet vart etablert i 2010 og er eigd av det offentlege (Siva og Flora kommune) med 23 prosent og private aktørar (Westcon, Saga Fjordbase, Statoil, Engie, Flora Industri- og næringsforening, Sparebanken Vest og Sparebanken Sogn og Fjordane) med dei øvrige 77 prosent.

Vi er fire tilsette, pluss ein trainee frå 1. august i fjor.

Aksello har i 2017 utforma ein ny strategi (sjå vedlegg). Målsetting og visjon er nyskaping i næringslivet og auke i tal arbeidsplassar i fylket. Den nye strategien gjev nokre nye føringar:

- Fylkesdekkande på alle område (også kommunale førstelinjetenester)
- Opne for alle næringar, men fagleg spissing mot havrommet
- Meir samarbeid med strategiske partnarar (som Kunnskapsparken Sogn og Fjordane og Maritim Forening Sogn og Fjordane)
- Nye eigarar (spesielt frå havbrukssektoren og fleire kommunar samt fylkeskommunen)
- Nytt namn (frå det tidlegare Fram Flora)

Som del av tiltaksapparatet for næringsutvikling har Aksello fleire ulike forretningsområde:

Regional **inkubator** gjennom Siva sitt inkubatorprogram (ny 6-års-avtale stadfesta i 2016). Gjennom 2016 og 2017 har vi hatt ein prosess med Kunnskapsparken Sogn og Fjordane om samkjøring av våre inkubatortilbod, for å framstå med eitt heilskapleg tilbod. Dette arbeidet er brakt i hamn, og vi samarbeider godt, med felles opptaksmøte etc. Kopi av samarbeidsavtalen med Kunnskapsparken er vedlagt.

2017 var vårt mest aktive år hittil som inkubator, med 22 verksemder i inkubasjon eller pre-inkubasjon, innan havbruk, petroleum og maritim industri, frå heile Sogn og Fjordane.

Aksello har dei seinaste par åra gitt støtte i form av rådgjeving og anna til meir enn 100 oppstartsverksemder, små og store.

Aktiviteten i verksemda omfattar også kommunal **førstelinjeteneste**, førebels berre for Flora kommune, med administrasjon av det kommunale næringsfondet, arbeid med gründerar, forretningsutvikling og ulike prosjekt.

I tillegg startar, driv og/eller bistår Aksello **prosjekt** som legg til rette for næringsutvikling i Sogn og Fjordane. Døme er:

- etablering av Newton-rom, gründercamp, høgskuletilbod og andre kompetanseretta tiltak for ungdom
- tiltrekke ny aktivitet i Pelagia-anlegget i Gunhildvågen (opptil 60 nye arbeidsplassar innan havbruk og mogleg nytt innovasjonssenter)
- styrke FoU-aktiviteten i næringslivet generelt og innan havbruk spesielt
- internasjonalisering av næringslivet
- organisere Sogn og Fjordane-paviljongen under ONS oljemessa i Stavanger.

Til slutt kan nemnast det å etablere mange gode møteplassar i regionen, som rekrutteringstreff, gründerksamlingar, ei rekkje kurs og ikkje minst dei månadlege frukostmøta vi arrangerer. Desse vert meir og meir populære.

Alt som Aksello gjer, inklusive dei underprosjekta som vi nå søker om finansiering til, er **forankra** i viktige plandokument:

- Sogn og Fjordane fylkeskommune sin Verdiskapingsplan
- Sogn og Fjordane fylkeskommune sin Industristrategi
- Sogn og Fjordane fylkeskommune sin Kyststrategi
- Rapport frå Innovasjonsstrukturprosjektet i Sogn og Fjordane, samt
- Samarbeidsavtale mellom Aksello og Kunnskapsparken Sogn og Fjordane om felles inkubatorsatsing

Aksello er såleis eit komplett verktøy for forretningsutvikling i Sogn og Fjordane, og vi vil halde fram arbeidet med å sikre at etablering av nye arbeidsplassar og verdiskaping skjer i Sogn og Fjordane også i framtida. Dette skal være dei **langsiktige effektane** av vårt arbeid.

### **Underprosjekt/aktiviteter som det søkjast om støtte til**

#### a) FoU-fasilitering

Dette har to prosjektmål: 1) Å legge til rette for at verksemder i alle bransjar driv meir forskning og utvikling, og at dei kan nytte dei mange tilboda som m.a. det offentlege kan stille med i den samanheng; og 2) tiltrekke oss fleire forskingsinstitusjonar, konsultentselskap og enkeltpersonar med slik kompetanse som vil etablere seg i fylket.

Vi vil difor styrke vårt samarbeid med Høgskulen, Vestlandsforskning, Forskningsrådet, SINTEF, Regionalt Forskningsfond, NOFIMA osv. Vi tek m.a. sikte på eit stort seminar i år med dette som tema. Tidsramme: April 2018-desember 2020.

Budsjett: Totalt for perioden kr. 900.000, hvorav kr. 450.000 frå fylkeskommunen.

#### b) Havbruk

Havbruk er eit prioritert område for Aksello. Det inneber m.a. at mange, ca. halvparten, av våre inkubatorverksemder høyrer til i denne næringa. I lag med Maritim Foreining, og med INU-finansiering frå fylkeskommunen, tok vi i 2016 initiativ til å samle havbruksnæringa og høyre om deira behov. Ut av det kom eit prosjekt «FoU innan havbruk», der fleire oppdrettarar, leverandørar, eksportørar etc. er med. Aksello er prosjektleiar, og har nyleg teke initiativ til eit tettare samarbeid med Akvahub i Leirvik og Måløy Marine Ressurssenter for å sjå på tettare samarbeid/synergjar. Utover FoU innan havbruk jobbar Aksello med fleire havbruksrelaterte initiativ, m.a. å få ny aktivitet i

Pelagia-bygget i Florø. Her nærmar det seg ei løysing, som er venta å gje mange titalls nye arbeidsplassar.

Noko finansiering er venta frå Sparebankstiftinga og Flora kommune, men vi har stort behov for fleire, og utløysande, midlar.

Tidsramme: April 2018-desember 2020.

Budsjett: Totalt for perioden kr. 800.000, hvorav kr. 400.000 frå fylkeskommunen.

#### c) Internasjonalisering

Eit breitt program for Aksello sin støtte til bedrifter som ønsker å auke si internasjonale verksemd. Hovudmålsettinga er å styrke bedriftenes konkurransevne og bærekraft, ved å redusere deira avhengighet av ein einskilt marknad (den norske). For dei medverkande verksemdene vil det sei at dei får utvida marknaden for deira produkt og tenester. Dette vil dei oppnå gjennom både eksport-moglegheiter og, i nokre tilfelle, gjennom partnerskap og investeringar i dei nye marknadene. Prosjekt målsettinga er å ha bistått minimum 8-10 bedrifter pr. år med konkret aktivitet.

Tidsramme: April 2018-desember 2020.

Budsjett: Totalt for perioden kr. 500.000, hvorav kr. 200.000 frå fylkeskommunen.

#### d) Knoppskyting i etablert næringsliv

Omstilling i næringslivet er naudsynt, til ein kvar tid. Aksello har i fleire år hatt eit program for SMB Utvikling, og hausten 2016 tok vi eit krafttak ovanfor etablert næringsliv om å komme fram med, og utvikle, idéar som dei har men av ulike grunnar ikkje har gjort noko med. Med PWC som fagleg medspelar identifiserte vi om lag 40 verksemdar med slike idéar. 3-4 av desse er allereie dyrka fram og blitt med i inkubatoren. Så tok finansieringa slutt. No startar vi opp att arbeidet, og denne gong i eit tettare samarbeid med Kunnskapsparken og også Connect Vest i Bergen.

Prosjekt målsetting: Minimum 10 idéar i etablert næringsliv vert dyrka fram til eit stadium der kommersialisering er aktuelt.

Dei deltakande bedriftene vil betale ein eigendel på 30%, og Sparebankstiftinga og Innovasjon Norge forventast å bidra.

Tidsramme: April 2018-desember 2020.

Budsjett: Totalt for perioden kr. 1.800.000, hvorav kr. 600.000 frå fylkeskommunen.

#### e) Inkubatorverksemda og innovativ klynge-drift

Som nemnd ovanfor er Aksello og Kunnskapsparken dei to inkubatorane i fylket, og vi samarbeider tett under eit felles mandat og gjennom ein samarbeidsavtale. Som for Kunnskapsparken, vert støtte som vi gjev til inkubatorverksemdene for ein stor del dekkja av Siva. Det som ikkje er finansiert godt, er den naudsynte idéfangsten og sjølv drifta av inkubatoren. Vi har motteke tilsegn frå Innovasjon Norge (Innovativ Klynge) og fylkeskommunen som strekk seg inn i 2018. Når det gjeld Innovasjon Norge, har dei støtte drifta av vår innovative klynge, inklusive inkubator, dei seinaste åra. No har dei gjort det klart at dei ikkje vil forlenge si støtte. Dette fordi IN ikkje lenger får desse øyremerka midlane frå fylkeskommunen. Aksello håpar difor at fylkeskommunen kan stå for like stor samla støtte som Aksello har motteke dei seinaste åra, som har vore ca. 1,3 mill. kroner pr. år frå IN og fylkeskommunen samla, til inkubator-/innovativ klynge-drift. For (2017 og) 2018 har vi allereie motteke tilsegn, men håpar at dei ikkje var uttømmende for året (noko vi også vart fortalt muntleg). Vi har såleis lagt inn eit beløp i denne søknaden også for 2018.



I tillegg har vi ein søknad inne hos Sparebankstiftinga, og vi får noko gjennom PetroFlora-samarbeidet med Statoil, men her manglar mykje, om vi ikkje skal stenge døra for nye opptak i inkubatoren. Det ville vore synd, når innovasjonsvilja er så stor ute i næringslivet.

Prosjekt målsetting: God drift av Aksello sitt innovative miljø samt konkret minimum 6 nye verksemder pr. år tatt opp i inkubasjon eller pre-inkubasjon, og minimum 2 vellukka «exits» pr. år.

Tidsramme: April 2018-desember 2020.

Budsjett: Totalt for perioden kr. 8.569.000, hvorav kr. 2.900.000 frå fylkeskommunen.

#### f) Utviding og samordning av den kommunale førstelinjetenesta på kysten

Som nemnd ligg det i Aksello sin strategi å tilby å drifte dei kommunale førstelinjetenestene for fleire kommunar enn Flora. Vi er såleis i dialog med fleire andre kommunar langs kysten av Sogn og Fjordane, og har tru på at samordning av desse tenestene vil auke den samla kompetansen og effektivisere drifta, slik at ein får meir næringsutvikling for kvar krone. Dette er såleis prosjekt målet. Arbeidet er budsjettetert til ca. kr. 200.000 pr. år i eige arbeid og noko konsulentbistand, og vi håpar at fylkeskommunen kan bidra med halvparten.

Elles: Aksello arbeider med å etablere ein Næringshage i Sunnfjord. Vi er i dialog med Siva, Kunnskapsparken og fylkeskommunen, og vil komme tilbake til ein søknad om finansiell medvirking frå fylkeskommunen si side når planane er meir klare.

#### Samla budsjett for fylkeskommunen sine bidrag i dei ulike underprosjekta

Budsjett og utbetalingsplan (i kroner):

Aktivitet	2018	2019	2020	Sum
FoU-fasilitering	200.000	150.000	100.000	450.000
Havbruk	150.000	150.000	100.000	400.000
Internasjonalisering	100.000	50.000	50.000	200.000
Knoppskyting	200.000	200.000	200.000	600.000
Inkubatorverksemda	300.000	1.300.000	1.300.000	2.900.000
Samordning 1. linje på kysten	100.000	100.000	100.000	300.000
<b>Total</b>	<b>1.050.000</b>	<b>1.950.000</b>	<b>1.850.000</b>	<b>4.850.000</b>

Fullfinansiering av aktivitetane vil, som nemnd, komme frå Sparebankstiftinga, Siva, Flora kommune, PetroFlora (Statoil), Innovasjon Norge, deltakande verksemder og Aksello sine eigne midlar. Sjå spesifikasjon i søknaden i [Regionalforvaltning.no](http://Regionalforvaltning.no).

#### Søknad

På nemnde bakgrunn søker Aksello om eit fleirårig samarbeid med fylkeskommunen innan næringsutvikling, med ei økonomisk ramme på kr. 4.850.000, hvorav kr. 1.050.000 i 2018.

Vi ber også fylkeskommunen ta med i vurderinga desse forholda:

- Fylkeskommunen sine bidrag, innan alle dei nemnde underprosjekta, vil være utløysande, i den forstand at utan bidraga er det mykje mindre realistisk at prosjekta vil verte gjennomførte.
- Som nemnd i videokonferanse Aksello/fylkeskommunen den 27.02.2018, håper vi at fylkeskommunen kan akseptere ei høgare timerate for eige arbeid enn dei vanlege kr. 600.

Årsakene er to: 1) 600 kroner dekker ikkje på langt nær kostnadane for vårt senior personell, og 2) i prosjekt der fylkeskommunen er ein av fleire finansieringskjelder (gjeld jo dei aller fleste), må Aksello nytte satsen på kr. 600 i prosjektrekneskapen også ovanfor dei andre. Medan t.d. Statoil normalt aksepterer ei timerate på kr. 940, vil Statoil sitt bidrag i prosjekt der fylkeskommunen deltek verte redusert med ein tredel. Konsekvensen er altså at Aksello (og sikkert mange andre i same situasjon) får lågare finansiering frå tredje-part enn vi elles ville ha fått.

- Ref. diskusjonen i videosamtalen om moglegheita for fleirårig tilsegn. Vi forstår fylkeskommunen sitt ynskje om å halde tilsegn innanfor budsjettåret, men har tre argument for fleirårige tilsegn: 1) forutsigleghet er viktig, ikkje minst når Aksello skal ut og invitere verksemder til å delta i våre ulike program, 2) alle søknadar (og tilhøyrande rapportering) er ressurskrevjande, både for Aksello og fylkeskommunen, og 3) vi har tidlegare motteke fleirårige tilsegn frå fylkeskommunen (og det har fungert godt, etter vår meining).

Avslutningsvis nokre ord om kva Aksello ville prioritert innanfor søknaden om vi var tvungne. Alle prosjekta er i tråd med vår Strategi 2017-22 og med i Handlingsplanen for 2018, så det er ei øving vi helst vil unngå. Men om vi måtte, ville vi prioritert dei prosjekta der fylkeskommunen sitt bidrag vil være aller mest utløysande og samtidig prosjekt der «timinga» er avgjerande. Då ville i så fall prosjekta c) og d) måtte få lavast prioritet. Men, som sagt, dette er ei vanskeleg øving.

Vi håpar på ei positiv tilbakemelding på heile søknaden, og står sjølvstilt til disposisjon om det skulle være ynskje om ytterlegare informasjon.

Vedlegg:

- Strategi for Aksello AS
- Samarbeidsavtale med Kunnskapsparken Sogn og Fjordane
- Budsjett 2018 for Aksello AS